


Statistisk sentralbyrå



Gjeteren Corydon, fra
«Eclogæ» av Vergil.
Tresnitt av Aristide Maillol,
1912–14.

er forpliktet til å kjøpe opp alt det kornet norske bønder dyrker til en pris som fastsettes gjennom kollektive avtaler («korntrygd»).

Importmonopolet var fra slutten av forrige århundre en radikal sak, rettet inn mot å sikre småfolk brød. Dyrkingsinteressene derimot, var overveiende konservative, og ble i 1914 til og med knyttet til forsvarssaken gjennom den storstilte «Jeg vil værgje mitt land, jeg vil dyrke mitt land»-kampanjen som Fridtjof Nansen og andre senere Fedrelandslagsfolk lanserte ved krigsutbruddet. Denne saken hadde brodd mot Venstre og Arbeiderpartiet. Partiet Høyre gikk snart energisk inn for kornsaken – som produksjonssak vel å merke: importmonopolet (som tvang seg igjennom under verdenskrigen) ble ansett som en «socialistisk» utvekst, administrert av Venstre.

Kampen om kornsakens to sider ble ført med lidenskap under og etter verdenskrigen, og fant sin løsning i 1920-årene med Høyre pluss Landmandsforbundet og Bondepartiet på den ene siden, Venstre og arbeiderpartiene på den andre.

Statens Kornforretning har siden andre verdenskrig bygd opp et svært kornlager i Norge, virket til nedleggelse og fusjoner av bygdemøller landet over, stimulert til korndyrking og stått for oppkjøpet fra utlandet, siden 1952 også med kraftfôrimporten som monopol.

H.F.D.

Se også: Jordbruk, Korn.

Litteratur: Korn er liv. Statens Kornforretning 50 år, Oslo 1979.

Statistisk sentralbyrå

Statistisk sentralbyrå (SSB) er den organisasjonen i det sentrale styringsverket som har ansvaret for å samle inn data om korleis det står til på dei ulike felta i det norske samfunnet.

Opplysningane SSB får inn blir ordna og gitt ut i serien Norges offisielle statistikk (NOS). Dei ulike NOS-hefta fortel om befolkningsutvikling og helsetilhøve, om arbeidsmarknaden og om dei ulike næringane: jordbruk, skogbruk, fiske, bergverk, industri, innanriks- og utanrikshandel, transport og privat og offentleg tenesteyting. Ein kan finne publikasjonar om offentlege finansar, nasjonalrekneskapen, pengar og kreditt, prisar og løner, sosiale tilhøve, rettstilhøve, undervisning, kultur og politiske val.

Verksemda til SSB rekna i omfang og typer av oppgåver er nært knytt til samfunnsutviklinga. I 25-årsmeldinga ved SSBs 50-årsdag i 1926 heiter det: «Statistikken skapes nemlig av menneskenes behov for kunnskap om samfundets tilstand, og jo mere innviklet samfundsforholdene blir, og jo mere man prøver på å få herredømme over dem,

dess sterkere blir behovet for kunnskap om hvordan tilstanden er.»

SSB si historie illustrerer påstanden godt. Frå starten og fram til hundreårsskiftet stod SSB sterkt. Talet på tilsette vart dobla. Det vart innført ny teknologi. Som det fjerde landet i verda tok SSB i 1894 i bruk ein Hollerith holkortsorterar. Perioden før århundreskiftet var ein relativt uroleg tidbolk for det norske samfunnet. Byane voks snøgt. Tiåret 1890–1900 var den mest intense industrialiseringsperioden i historia vår.

Frå hundreårsskiftet og fram mot 1920 hadde landet ei meir roleg velstandsutvikling, og SSB opplevde ikkje berre stagnasjon, men direkte tilbakegang. Oppgåver vart tekne frå SSB og lagde til andre institusjonar. Løyvingar til tekniske hjelpemiddel fall vekk. Folketeljinga i 1920 måtte handsamast manuelt etter at maskiner hadde vore nytta både i 1900 og i 1910.

I tidbolkane med meir sorglaus velstandsutvikling veks SSB lite. Vekta blir lagt på å betre den statistikken ein i urolegare tider har teke på seg å lage.

Ved slutten av andre verdskrigen stod landet framfor ei dobbelt oppgåve. Ikkje berre skulle landet byggast opp etter krigen, men det skulle òg skje på ein slik måte at ein slapp dei økonomiske krisene frå mellomkrigstida.

I trettiåra hadde byrået teke opp arbeidet med økonomisk konjunkturstatistikk på brei basis. Økonomisk teori var utvikla av m.a. Ragnar Frisch og J. M. Keynes med sikte på å styre dei nasjonale økonomiane utanom krisene. I SSB møttast dei praktiske interessene til Finansdepartementet og dei teoretiske modellane frå universitetsekonomar i arbeid med data om økonomiske tilhøve.

I dei første åra etter krigen vart det sett i gang arbeid både med å bygge opp ein detaljert nasjonalrekneskap og med å studere samanvevinga av dei ulike økonomiske verksemdene (kryssløpsanalyser). Desse studia går frå 1961 under namnet MODIS og har vore nytta av regjeringane til å få planopplegg og nasjonalbudsjettforslag til å henge saman. Med sentrum i oppbygginga av MODIS har SSB fått landets største gruppe for anvendt økonomisk forskning. Konjunkturar, økonomisk vekst og utvikling, forbruk, skattar og pris- og inntektsutvikling er sentrale studieområde.

Ein kan sjå på samfunnsutviklinga i 1950- og 60-åra som ei langsam oppsamling av sosiale problem. I takt med den økonomiske veksten fekk vi òg nye problem som kø til utdanningsinstitusjonar og til nye bustadområde i storbyane og nye typer kriser som stagflasjon og solidaritetskriser: Fellesskapskjensla har minka og nye problem dukka opp, til dømes mellom ektefolk, i nabolag og i storsamfunnet.

SSB si fjerde 25-årsmelding frå 1976 tar opp

dette: «Etter hvert oppstod det et sterkt behov for bredere kartlegging av folks levkår og andre forhold i samfunnet som vi i SSB hadde få opplysninger om. En slik kartlegging måtte i stor utstrekning bygge på opplysninger som en bare kunne få ved direkte datainnhenting.»

I 1967 oppretta SSB ein fast landsomfattande intervjuorganisasjon. Dei viktigaste tema for undersøkingar har vore forbruk, buforhold, tidsnytting, helse, flytting, arbeidskraft og allmenne levkår.

Samfunnsforskninga utanom SSB hadde blomstra opp i den samme perioden. Sosiologar og statsvitarar hadde eit klart forsprang på SSB når det gjaldt metodar og problemforståing på dei nye forskningsfelt. I SSB var det sosialøkonomane som styrte diskusjonen. Det var såleis duka for ein relativt djuptgåande konflikt om problemforståing mellom faggruppene. Konflikten vart truleg skjerpa av SSB sin organisasjonsstruktur som er sterkt hierarkisk med ein einveldig direktør på toppen.

I dag kan ein sjå teikn til at SSB er på veg ut av konfliktsituasjonen. Ikkje berre har sosiologar og statsvitarar fått arbeidsplass i SSB ved sida av sosialøkonomane, men dei nye generasjonane i alle profesjonane har også freista å lære av kvarandre.

E.Be.

Sjå også: Frisch, Keynes.

Litteratur: Statistisk Sentralbyrå 100 år. Samfunnsøkonomiske studier nr. 28, Oslo 1976.

Statoil

Data for 1978:

Omsetning: 2,0 milliarder kroner

Overskudd: 193,9 mill. kroner

Hovedaksjonær: Den norske stat (100 %)

Hovedkontor: Stavanger

Engasjement i Norge: Kontinentalsokkelen

Tilgang på egen råolje: 1980 anslag: 1,4 mill. tonn, dertil ca. 3,0 mill. tonn avgiftsolje fra staten

Viktige produksjonsområder: Statfjord

Gassinteresser: Statfjord, transportsystem i Nordsjøen

Videreforedling: Raffinering ved Rafinor (Mongstad), 30 % eierandel. Petrokjemisk industri: Noretyl (Bamble), 33 % eierandel, Norpolefin (Bamble), 33 % eierandel

Viktige markeder: Norge, USA, Vest-Tyskland

Egenfinansiering: Hittil lånefinansiering, delvis gjennom den norske stat

Interesser i andre energikilder: Ingen

Statoil – Den norske stats oljeselskap AS – norsk oljeselskap helt eid av staten. Selskapet ble opp-

rettet ved enstemmig stortingsvedtak i 1972 for å ivareta statens forretningsmessige interesser i oljevirkksomheten på den norske kontinentalsokkel.

Hensikten med et statlig oljeselskap var delvis å gi staten innsikt i oljevirkksomheten, delvis å gi staten et mer direkte styringsredskap gjennom direkte deltakelse, bl.a. for å sikre en høy andel av norske varer og tjenester og delvis sikre staten en større andel av fortjenesten ved virksomheten gjennom såk. statsdeltakelse.

Statsdeltakelsen er hittil blitt utført i det vesentlige gjennom «carried interest»-prinsippet, ved at private konsesjonsinnehavere bærer lete- og kostnadene, mens Statoil kommer inn med en gitt andel av utgiftene dersom et felt erklæres drivverdig. Statsdeltakelsen har i senere år variert fra 50 til 75 %. Dette stiger med et felts størrelse og antatte lønnsomhet. I enkelte tilfelle har Statoil kommet inn med en direkte eierandel opp til 85 %.

Statoil er pålagt å sikre en utvidet bruk av norske varer og tjenester i feltutbyggingen i Nordsjøen, og direkte deltakelse i de enkelte prosjekter, med høy eierandel, er et viktig virkemiddel. Eksempelvis antas andelen av norske leveranser ved Statfjordprosjektet å ligge på omkring 60 %, mot 10–15 % på Ekofisk, der Statoil ikke deltok. Statoil gir myndighetene informasjon om oljevirkksomheten, særlig gjennom kontrollen med selskapets planer.

Det må understrekes at Statoil hittil (1980) bare befinner seg i oppbyggingsfasen. Med full drift på Statfjord-feltet og senere på andre felt, vil Statoil bli Norges og Nordens største industriselskap, målt i omsetning og fortjeneste. Selskapets tilgang på olje og gass vil øke meget sterkt, hvilket vil aktualisere spørsmålet om engasjement i raffinering, petrokjemi og markedsføring i utlandet.

Statoil har 50 % eierinteresse i Norpipe, transportsystemet for olje og gass fra Ekofisk til henholdsvis Storbritannia og Vest-Tyskland. Fra ca. 1982 antar en at selskapets videre ekspansjon kan dekkes ved egenfinansiering. Det er ennå ikke tatt stilling til fordelingen av inntekter på Statoil og statskassen.

Fra 1.1.80 har Statoil en eierandel på 73,6 % i Norol, distribusjonsselskap for oljeprodukter i Norge.

Politisk kontroll

Ved utformingen av regelverk for Statoil var avveiningen mellom forretningsmessig handlefrihet og politisk styring den vesentlige problemstilling. På den ene side var ønsket at statsoljeselskapet skulle ha en rask beslutningsprosess for å kunne opptre i konkurranse og samarbeid med private oljeselskap. På den andre siden var det pga. selskapets mulige dominerende stilling i norsk øko-